



Flinke deltakarar f.v.: Samuel Ljungbladh, Sarah Dawn Finer, Atle Pettersen, Marian Aas Hansen og Tore Sergei Myklebust

**Då det var mykje som føregjekk her lokalt fredag kveld så det var nok fleire enn underteikna som mista TV-sendinga av Beat for beat der uskedelingen Tore Sergei Myklebust var ein av deltakarane. Det er ingen grunn til fortvilning, for programmet er tilgjengeleg på nettet slik at ein kan sjå det når ein måtte ønskja det. [Det er berre å klikka her.](#)**

Etter å ha sett programmet på nettet, er det berre å slå fast at det var ein time med god fredagsunderhaldning med svært flinke artistar. Til liks med resten gjorde Tore ein glimrande figur. Saman med Marian Aas Hansen vann han også den svært så uhøgtidelege poengkonkurransen mot det svenske laget med 20 - 19. Klikk inn og nyt det!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.